
ÅRSRAPPORT

2015

Innhald

1	Organisasjonen HLB	2
1.1	Styret.....	2
1.2	Administrasjon og tilsette	2
1.3	Bemanning av kurs	3
1.4	Eigarar	3
2	Studiar og studentar	4
2.1	Undervisning og studentar	4
2.2	Studentrådet	4
2.3	Læringsmiljøutval (LMU)	5
2.5	Studieutval.....	5
2.6	Studieturar	5
2.7	Studiesenteret.no	5
3	Marknadsføring.....	6
4	Forskning og utvikling.....	7
4.1	Jærsmiå	7
4.2	Byregionprogrammet for Jæren.	7
4.3	Intensivt landbruk og natur-/kulturvern.....	8
4.4	Riding Native Breeds – hesteturisme basert på tradisjonelle hesterasar i nordområda8	
4.5	Prosjekt Nordlandshest	9
4.6	Reiseliv i Rogaland.....	9
4.7	Kulturarvsamarbeid i Litauen	9
4.8	Samarbeid om bygdeutvikling i Tsjekkia	9
4.9	Barn i landbruket	9
5	Publisering og ekstern kontakt.....	10
5.1	Bøker/antologiar	10
5.2	Artiklar i fagfellelevurderte tidsskrift.....	10
5.3	Interne rapportar	10
5.4	Foredrag, media og anna formidling.	10
6	Særlege hendingar.....	11
6.1	HLB feira 10-årsjubileum.....	11
6.2	HLB opna ny avdeling i Steigen.....	11
7	Økonomi	11
8	Status og utfordringar	12

1 Organisasjonen HLB

1.1 Styret

Styret valt på årsmøtet i 2014, og som har fungert fram til årsmøtet i 2015.

Odd Arild	Kvaløy	Styreleiar
Leif Kåre	Lende	Nestleiar
Ola	Hedstein	Styremedlem
Jofrid Torland	Mjåtveit	Styremedlem
Bjørg	Tysdal Moe	Styremedlem
Rhys	Evans	Styremedlem, Tilsettrepresentant
Lovise	Hetland	Styremedlem, Studentrepresentant

Varamedlemmer i same periode har vore:

1.Olav	Røysland
2.Norolf	Husveg
3.Solbjørg	Tveit Wiig
Gøril Helene	Florvaag (studentrep)
Johan	Barstad (tilsettrep)



Rektor Dag Jørund Lønning og organisasjonsleiar Eirik K. Hobberstad møter fast på styremøta. Styret har hatt 5 møte og handsama 31 bokførte saker.

1.2 Administrasjon og tilsette

Tilsette 2015

Dag Jørund	Lønning	Rektor / Professor
Johan	Barstad	Studieleiar ØK

Olav	Eggebo	Forskar
Maria	Almli	Forskar
Eli-Grete	Høyvik	Høgskulelektor II (timeavtale frå haust 2015)
Rhys	Evans	Førsteamanuensis
Eli Janette	Fosso	Førsteamanuensis (fram til september 2015)
Håvard	Teigen	Professor II (timeavtale frå 2015)
Eirik K.	Hobberstad	Organisasjonsleiar
Christel Bachmann	Barbo	Studiekonsulent/informasjonsmedarbeidar
Mikkjell	Lønning	Økonomikonsulent
Berit	Skjæveland	Økonomikonsulent
Ragnhild	Hutchison	Førsteamanuensis (til desember 2015)

Staben auka med to nye vitskaplege stillingar frå 01.01.15.

1.3 Bemanning av kurs

År 1 BA Bygdeutvikling Endringskunnskap

Olav	Eggebo	Studieansvarleg/forelesar EK I og EK II frå haust 2015
Eli Janette	Fosso	Studieansvarleg/forelesar EK II (vår 2015)

År 2 BA Bygdeutvikling Landbruksøkonomi og leiing Rolle

Johan	Barstad	Studieansvarleg og forelesar
Daniel	Lange	Delt ansvar

År 2 BA Bygdeutvikling Hest i Næring/Landskap i Utvikling

Rhys	Evans	Studieansvarlig og forelesar
------	-------	---------------------------------

År 3 BA Bygdeutvikling Nyskaping

Dag Jørund	Lønning		Studieansvarleg og forelesar
Eli Grete	Høyvik		Ansvarleg delkurs NY II

1.4 Eigarar

HLB er organisert som eit SA, og har pr. 31.12.15. 102 eigarar innanfor organisasjonar, næringsliv og forvaltning. Totalt 734 andeler.

2 Studiar og studentar

2.1 Undervisning og studentar

I 2015 har høgskulen hatt desse studietilboda:

- Endringskunnskap, modul I og II (EK I-II) (endra namn frå HK 01.07.2013)
- Økonomi og leiing I – frå haust 2015
- Hest i Næring, modul I (HN I)
- Landskap og Utvikling (HN II)
- Nyskaping, modul I og II (NY I – II)
- Samfunnsentreprenørskap (10 studiepoeng)

Talet på studentar på dei ulike modulane i 2015 :

Fag	Kode	Vår	Haust
Endringskunnskap I (første år BA)	EK I	9	6
Endringskunnskap II (første år BA)	EK II	9	8
Landskap og Utvikling	LSUT	12	8
Nyskaping I	NY I	8	6
Nyskaping II	NY II	8	6
Hest i Næring HN	HN	0	5
Samfunnsentreprenørskap	NY	0	19
Økonomi og leiing	ØK I		8

2.2 Studentrådet

Studentrådet i vårsemesteret hadde desse medlemmane:

Studieåret 2014/2015

Alexander Rügert	Raustein	Leiar	NBA
Lovise	Hetland	Nestleiar	BA
Anette	Anda	Sekretær	BA
Alexander	Rügert-Raustein	Styrerep. Høgskulestyret	
Lovise	Hetland	Vararep. Høgskulestyret	

Studentrådet som blei valt haust 2015, har desse medlemmane:

Studieåret 2015/2016

Lovise	Hetland	Leiar	BA
Gøril Helene	Florvaag	Nestleiar	BA
Anette	Anda	Sekretær	BA
Lovise	Hetland	Styrerep. Høgskulestyret	
Gøril Helene	Florvaag	Vararep. Høgskulestyret	

Studentrådet har hatt 2 møte og handsama 5 bokførte saker.



Gøril Helene Florvaag



Lovise Hetland



Anette Anda

2.3 Læringsmiljøutval (LMU)

LMU skal halda oppsyn med læringsmiljøet ved høgskulen.

Representantar:

Olav Eggebø, leiar og sekretær
 Lovise Hetland, nestleiar
 Dag Jørund Lønning, rektor
 Johan Barstad tilsett
 Lovise Hetland student
 Anette Anda student
 Gøril Helene Florvaag student

LMU sender rapport til styret om HLB sitt arbeid med læringsmiljøet.
 LMU har hatt eit møte.

2.5 Studieutval

Vi har tett oppfølging og god dialog med studentane våre både under og mellom samlingane.
 Vi har og formelle rutinar for møte med dei valde studentrepresentantane.

2.6 Studieturar

- EK 1: Studietur til Skottland. Reiseleiar Rhys Evans
- EK 2: Studietur til Sirdal. Reiseleiar: Eli Janette Fosso
- Nyskaping I. Studietur til Grüne Woche, Berlin. Reiseleiar: Dag Jørund Lønning
- Nyskaping II. Studietur til Balestrand, ansvarleg var Eli Grete Høyvik
- ØK 1: Studietur til Danmark. Reiseleiar Eirik Hobberstad/Johan Barstad

2.7 Studiesenteret.no

Samarbeid med studiesenteret.no gjer BA bygdeutvikling tilgjengeleg for studentar i heile landet. Sentralt i samarbeidet er visjonen om å jobbe mot ein utvida integrert modell der høgskulen, lokalt næringsliv og virkemiddelapparat kan samarbeide i eit verdiskapande nettverk.

Studiesenteret.no er eit utdanningsnettverk som pr. 1. juli 2015 organiserer 42 studiesentra i 16 fylker. Dei samarbeider med 7 ulike høgskular/universitet. Nettverket er ein nasjonal struktur for høgskuleutdanning og livslang læring. Organisasjonen er offentleg eigd.

HLB har fått gode tilbakemeldingar frå både studentar, studiesenter og forelesarar.

Følgjane studiesenter deltar i prosjektet studieåret 2015/2016:

- Kongsvinger
- Tynset
- Askim
- Kragerø
- Vardø
- Hardanger
- Otta
- Sunndal
- Oppdal



Foto: Gulli Ovesen/Studiesenteret.no

3 Marknadsføring

HLB er ein liten organisasjon med eit særst avgrensa marknadsbudsjett. Dette gjer at me må vera veldig poengterte og målretta i valet av promoteringskanalar. Erfaringa vår frå dei siste tre åra viser at «vanleg» annonsering har lite eller ingen effekt.

Det som verkar er:

1. At me er synlege i offentleg debatt og i media (redaksjonelt).
2. At studentane våre er nøgde og difor gode ambassadørar.
3. At me har ei god, oppdatert heimeside og er synlege i sosiale media.
4. Bruk av studiesenternet.

Her meiner me å ha lukkast godt. HLB er, sett i forhold til storleiken vår, særst mykje i media. I 2015 meir enn nokosinne. Me har registrert over 100 oppslag i større og mindre media over heile landet.

Vår utviklingsorienterte kunnskapsprofil gjer oss til ein relevant samarbeidspartner/kunnskapsformidlar i lokale/regionale utviklingssatsingar. Dette viser seg å vera særst interessant også for media.

Me får elles gode tilbakemeldingar frå studentane våre, både når det gjeld læringsmiljø og læringskvalitet. Dei tillitsvalde blant studentane rapporterer om få eller ingen negative kommentarar.

Når det gjeld websida, har tal brukarar pr. månad variert mellom 2000 – 4000 i 2015. Pr 31.12.15 har HLB om lag 2100 følgjarar på Facebook. Det er ei auke på 500 frå i fjor.

4 Forsking og utvikling

Forskiings- og utviklingsinnsatsen ved HLB held fram med å auka. Følgjande prosjekt har vore aktive:

4.1 Jærsmiå

I landets første tankesmie av sitt slag, skal interessentane som kjempar om jærlandskapet inviterast opp av skyttargravene og inn rundt det runde dialogbordet. Smia har deltaking frå sentrale personar i jærregionen innanfor landbruk, offentleg planlegging, natur-/kulturvern, friluftsliv og privat næringsliv (utbygging). Utviklinga av Jærsmiå har vore eit samarbeid mellom HLB og Østerhus Tomter AS. Satsinga byggjer på HLB sin viktigaste filosofi ”Kunnskap for utvikling!”.

Jærsmiå er eit toårig pilotprosjekt der sentrale representantar for landbruk, utbygging/næringsliv, natur-/kulturvern, friluftsliv samt viktige offentlege utviklingsaktørar, blir inviterte til å koma saman i ei *tankesmie* for å prøva å identifisera felles verdiar, framtidsvisjonar og potensielle *dialogbaserte* utviklingsstrategiar. HLB er prosjekt-/prosessleiar for satsinga.

Målsetjinga med prosjektet er å kunna koma med felles, dialogutvikla innspel til framtidsretta og bærekraftige (sosialt, kulturelt og økonomisk) strategiar som tek utgangspunkt i rask befolkningsvekst og difor behovet for både fleire bustader og gode friluftareal, men som samtidig kan vera med og sikra langsiktige rammevilkår for det viktige jærlandbruket og gje rom for vern av sentrale natur- og kulturverdiar for framtidige generasjonar.

Jærsmiå skal byggjast opp rundt brei involvering og deltaking, og framlegg til løysingar skal veksa fram nedanfrå gjennom felles kunnskapsbygging og aktiv, løysingsorientert, dialog. Jærsmiå skal prøva å peika ut arealutviklingsmodellar og -prinsipp som i større grad enn i dag tek omsyn til breiare grupper av brukarar og interesser i jærlandskapet.

Arbeidet har resultert i bok, i fleire mykje brukte prinsipperklæringar og i dialogportalen.no. Fase I vart avslutta i 2015.

4.2. Byregionprogrammet for Jæren.

Kommunane Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå har utforska og utvikla felles visjonar og scenarier for berekraftig arealutvikling på Jæren. Dialog har vore utprøvd som metode for reell interessentmedverknad i konkrete arealsaker.

Klepp kommune, v/ordfører Ane Mari Braut Nese, er prosjekteigar på vegner av Jærrådet. Professor Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, er prosjektleiar for satsinga. Arbeidet har vore utvikla i tett samarbeid med dialogforumet/tankesmia [Jærsmia](#).

Prosjektet vart avslutta i 2015.

4.3 Intensivt landbruk og natur-/kulturvern

Auka matproduksjonen må tyda meir intensiv landbruksdrift. Samtidig møter bonden stadig fleire krav knytt til natur-/kulturvern på eigen gard. Med empirisk fokus på den betente konflikten rundt forvalting av svarthalespove i intensivt driven eng på Jæren, startar HLB no eit prosjekt med mål om å laga ein overførbar modell for korleis aktiv matproduksjon og vern kan kombinerast.

Ei sentral målsetjing er å koma fram til vernepraksisar som bonde/grunneigar/lokalsamfunn kan kjenna eigarskap til og som kan inngå i dagleg drift og gjeremål. Modellen skal utviklast med basis i bøndene rundt Orrevatnet på Jæren sine eigne forvaltingsstrategiar for raudlistearten svarthalespove. "Lokal kunnskap" er i dag eit stort tema i internasjonal forskning på mobilisering og lokalsamfunnsutvikling, men alt for lite fokusert i samband med krevjande vernesaker i det norske landbrukslandskapet.

Prosjektet er eit samarbeid med lokale bønder og lokal/regional forvalting. Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.



4.4 Riding Native Breeds – hesteturisme basert på tradisjonelle hesterasar i nordområda

Kan me bruka våre tradisjonelle hesterasar rundt Nord-Atlanteren på nye måtar innanfor reiselivet? Dette er utgangspunktet for ei storsatsing på hesteturisme som HLB no skal leia. Saman med partnerar i Sogn og fjordane, på Færøyane og på Island, skal høgskulen utvikla nye forretningsmodellar for hesteturisme som koplar saman kystlandskapet, dei mange historiene som lever i dette og dei gamle hesterasane fjording, færøysk ponni og islandshest.

Satsinga går over to år, og har ei samla økonomisk ramme på 2,4 millionar. [Nordisk Atlantsamarbeid, NORA](#) medverkar med tilskott.

Prosjektleder er Rhys Evans.

4.5 Prosjekt Nordlandshest

Finst det nye inntektsgjevande bruksområde – ikkje minst innanfor turismen – for den utryddingstruga Nordlandshesten? I dette prosjektet samarbeider HLB med Bioforsk og FMLA i Nordland og Troms. Ei sentral målsetjing er også å integrera Nordlandshesten i Riding Native Breeds- programmet.

Prosjektleder er Rhys Evans.

4.6 Reiseliv i Rogaland

HLB har gjennomført ei vurdering av organisering av destinasjonsselskapa innan reiselivet i Rogaland. Oppdragsgjevar er Rogaland Fylkeskommune, og destinasjonsselskap, utviklingsorganisasjonar, næringsorganisasjonar, transportselskap, enkeltbedrifter og offentlig verkemiddelapparat dannar styrings- og arbeidsgruppa.

Prosjektleder ved HLB er Eli-Grete Høyvik.

4.7 Kulturarvsamarbeid i Litauen

HLB innleia i 2013 eit samarbeid (forprosjekt) med den litauiske organisasjonen «The Lithuanian Association for Castles and Manors». Samarbeidet var støtte med EØS-midler. Fokus ligg på korleis dei mange vakre, men gjerne nedslitte, slott og borger i Litauen kan nyttast som ressursar i sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Prosjektleder er Dag Jørund Lønning.

4.8 Samarbeid om bygdeutvikling i Tsjekkia

HLB samarbeider med Charles University i Praha om fleire kurs med fokus på bygdeutvikling.

Prosjektleder ved HLB er Rhys Evans

4.9 Barn i landbruket

Forprosjektet *Barn i landbruket* har som mål å etablere en kunnskapsoversikt på feltet, samt utforme et større forskningsprosjekt som skal kartlegge barns deltakelse i norsk landbruk i dag. Dette skal gjøres i nært samarbeid med næringa selv, fagorganisasjoner, relevante forskningsmiljøer og andre aktører med interesse for temaet. HLB inviterer til bred dialog i prosessen, slik at problemstillinger og metoder i hovedprosjektet skal bli mest mulig relevant og målrettet. Forprosjektet er finansiert av Landbruksdirektoratet, Nordland Fylkeskommune, Nordland og Steigen Bondelag, og skal være ferdigstilt 01.04.2016.

Prosjektleder er Maria Almli

5 Publisering og ekstern kontakt

5.1 Bøker/antologiar

Evans, Rhys og Celine Vial (red.) 2015: *The new equine economy in the 21st century*. Wageningen Academic Publishers.

Rhys Evans medverkar i introduksjons- og avslutningskapittel. Publikasjonen gir godkjende publiseringspoeng.

Pickel-Chevalier, Sylvine og Rhys Evans (eds.) 2015: Cheval Tourisme & Societes. *Mondes Du Tourisme*.

Rhys Evans medverkar med ein artikkel. Publikasjonen gir ikkje publiseringspoeng.

5.2 Artiklar i fagfellevurderte tidsskrift

Lønning, Dag Jørund 2015: Permanence or Change: What Makes the World Tick? *Journal of Human Values*, no 1, 2015

Publikasjonen gir publiseringspoeng.

5.3 Interne rapportar

Evans, Rhys, Ingibjörg Sigurdadottir, Gudrun Helgadottir 2015. *A Good practice Guide to Equine Tourism*. HLB Rapport 2 2015.

Evans, Rhys 2015: *Hest som næring i Sandnes*. Kunnskapsgrunnlag for planlegging og strategiutvikling. HLB Arbeidsrapport 1, 2015.

Lønning, Dag Jørund 2015: *Jærsmidå*. Prinsipp for nyskapande og berekraftig arealforvaltning i jærregionen. HLB Arbeidsrapport 3, 2015

5.4 Foredrag, media og anna formidling.

Rektor Dag Jørund Lønning har halde ei rekkje foredrag og presentasjonar på regionale, nasjonale og internasjonale faglege seminar og konferansar i 2015. Lønning var i 2015 ekspertevaluator for EU-kommisjonen på fleire ulike prosjekt.

Maria Almli har halde fleire faglege innlegg om bygdeutvikling på nasjonale seminar/konferansar.

Rhys Evans har medverka med faglege innlegg på fleire nasjonale og internasjonale konferansar/seminar om hest og næringsutvikling.

Johan Barstad og Rhys Evans har delteke i europeiske Cost-nettverk.

6 Særlege hendingar

6.1 HLB feira 10-årsjubileum

I mai 2015 feira HLB sitt offisielle 10-årsjubileum som høgskule. Styreleiar og programleiar for dagen, Odd Arild Kvaløy, kunne ønskja ei rekke gjester velkomne til auditoriet på Øksnevad vidaregåande skule.

Gjestene fekk oppleve eit rikt fagprogram med bidrag frå heile fagstaben ved HLB.



6.2 HLB opna ny avdeling i Steigen



I september opna HLB si første lokalavdeling utanfor Særheim. Avdelinga ligg i Steigen i Nordland, og avdelingskontoret blir bemanna av forskar og Steigenpatriot Maria Almli.

Etableringa vart markert med ein stor fest der både ordførar i Steigen, kulturråd ved Nordland fylkeskommune og leiar for næringskomiteen på Stortinget var til stades. Mange deltok også på HLB sitt fagseminar i samband med opninga.

Den nye avdelinga har alt generert fleire nye prosjekt, m.a. Barn i landbruket og «Stevnemøte med kysten», ein rotur frå Steigen til Jæren.

7 Økonomi

Rekneskapen for 2015 syner ein eigenkapital på kr. 1 015 930,- pr. 31.12.15. Årsresultatet for 2015 vart på kr. 21.225,-.

God aktivitet på prosjekt/forskingssida sikrar nok eit overskott for HLB. Overskottet vart likevel lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak mindre prosjekttinngang enn forventet.

Omsetnaden i 2014 er 7 685.827,-. Dette er ei auke på meir enn 500 000 frå 2014.

8 Status og utfordringar

2015 har vore eit år med god drift og stor aktivitet. Staben vart auka, og dette er alltid krevjande økonomisk for ein liten organisasjon. Utover hausten kunne likevel frukter haustast i form av nye prosjekt.

Hovudutfordringane i 2016 vert å sikra vidare positiv utvikling både fagleg og økonomisk. Forskingsinnsatsen må heile tida konsoliderast og forsterkast, og HLB vil arbeida vidare for å vera det leiande fagmiljøet innan bygde-/lokalsamfunnsutvikling i Skandinavia. For å lukkast må utviklings- og akkvisisjonsarbeid over tid forankrast betre i heile organisasjonen. Det må arbeidast for auka offentleg bidrag. Her er det viktig at styre og resten av organisasjonen medverkar. Tilskottet over statsbudsjettet har vore uendra sidan 2005, trass i at HLB dei siste åra har opparbeidd seg ei nasjonal rolle som forvaltar av kunnskapsfeltet bygde-/lokalsamfunnsutvikling.

I 2016 arbeider HLB for oppretting av internasjonal mastergrad i bygde- og lokalsamfunnsutvikling. Dette blir eit samarbeid med universitet i Latvia, Tsjekkia og Ungarn.

Særheim, 18. februar 2016

Dag Jørund Lønning
Rektor